



## Notat

Dato: 06.10.2017  
Arkivsak: 2017/3716-3  
Saksbehandlar: arnasan

---

**Til:** Fylkeseldrerådet

---

**Frå:** Fylkestannlegen i Hordaland

---

### Tannhelsetenesta i Hordaland - uttale frå fylkestannlegen

Fylkestannlegen viser til notat datert 26.04.2017 – uttale om tannhelse frå fylkeseldrerådet.

Fylkestannlegen må forholde seg til dei lovene og forskriftene som er vedtekne av Stortinget. Den loven som nå regulerer tannhelsetilbodet er lov om tannhelseteneste frå 1983. Grunnleggande lovendingar som t d at tannhelsetenester skal samordnast med helsetenester elles må ev utarbeidast av Helse- og omsorgsdepartementet og vedtas av Stortinget.

Tannhelsetenesta i Hordaland har i 2017 fem tannklinikkar på institusjon – eller i same bygget som ein institusjon. Det er ikkje på nåverande tidspunkt planar om å endra dette.

Mobil tannklinikk har vore grundig vurdert tidlegare. Det blei då konkludert med at mobil tannklinikk har så mange ulemper at det ikkje var aktuelt å ta ei slik løysing i bruk i Hordaland. Innvendingane mot mobil tannklinikk er i hovudsak:

- Vanskar med å tilfredstilla krav til hygiene på tannklinikken
- Umulig å tilfredstilla krav til universell utforming av tannklinikken
- Store kostnader til innkjøp og drift – det må mellom anna tilsettast sjåfør til å køyra lastebilen

Fylkestannlegen veit at andre fylkeskommunar har også vurdert bruk av mobil tannklinikk, og har kome til same konklusjon.